



Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	FA - L13, Gbnr - 169/47	15/469

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/17	Formannskapet	PS	20.06.2017

Reguleringsplan for gnr. 169, bnr. 47. Fabrikk nr. 8. Offentleg ettersyn.

Vedlegg:

Regplankart_19.06.2017-A3-L

Illustrasjonsplan_19062017-A3

Reguleringsbestemmelser fabrikk nr 8 fedje juni 17

PLANBESKRIVELSE fabrikk no 8 revisjon 2 juni 17

ROS-analyse

Notat Merknader til reguleringsplan for gnr 169 bnr 47

Saksutgreiing:

Land & Strand Eiendom AS har kome med eit framlegg til reguleringsplan for gnr. 169, bnr. 47. Dette er eigedomen der Bjelland/Norway Foods/Havstad Tinn har halde til tidlegare.

Planen legg til rette for å bygga om fabrikklokalet til bustader. Planen er laga av firmaet CARDO 8614 AS. Sjølve plankartet og illustrasjonsplanen er laga av Weglo design og Landskap AS.

Etter punkt 2.1.1 i føresegnene til kommuneplanen er det krav om reguleringsplan dersom ein skal byggja fleir enn 4 einingar. Planen er å bygga 12 husvære. Den 26. januar 2016 vart det gjeve løyve til å bygga 4 bustader.

Formannskapet handsama framlegget til plan den 6. juni 2016. Saka vart då utsett. Plankartet er no noko endra.

Vedlegget "Notat. Merknader til reguleringsplan for gnr. 169 bnr. 47." inneheld dei endringane som må til før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. To endringar er vesentlege :

1) Punkt 3.1.1 gjeld mellom anna atkomst for ålmenta til kaiområdet. Føresegnen er stramma opp. Det står no at atkomst til kaiområdene fra land og ferdsel på disse skal være tilgjengelig for allmennheten.

2) Føresegnene om leikeareal for barn er stramma opp (punkt 3.3). Det står no at leikeareal for barn med leikeapparat skal vera ferdig opparbeida før det vert gjeve bruksløyve



Fedje kommune

for bustader, og at Leikeareal for barn skal ha gjerde med minimum høgde lik 140 cm.

Forslag til vedtak:

Vedlegget "Notat. Merknader til reguleringsplan for gnr. 169 bnr. 47" vert innarbeida i plankart, føresegner, illustrasjonsplan og planskildring. Framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 169, bnr. 47 vert deretter i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova, lagt ut til offentlig ettersyn i seks - 6 - veker.

Formannskapet - 092/17

F - behandling:

F - vedtak:

Vedlegget "Notat. Merknader til reguleringsplan for gnr. 169 bnr. 47" vert innarbeida i plankart, føresegner, illustrasjonsplan og planskildring. Framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 169, bnr. 47 vert deretter i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova, lagt ut til offentlig ettersyn i seks - 6 - veker. Samrøystes vedteke.